



Randi Eik
J L Mowinckels vei 130
5145 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1642 - 18/15163

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
04.07.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr. 49/31

Saka gjeld

Meland kommune fekk melding om fare for forureining frå avløpsanlegget på eigedomen dykkar, gbnr 49/31. På bakgrunn av meldinga gjorde kommunen avtale med dykk om synfaring på eigedommen 28.05.2018. Under synfaringa kom det fram at anlegget ikkje er omfatta av slamtømmeordninga i kommunen. Dykk vart i brev datert 07.06.2018 bedt om å tømme septiktanken. I tillegg bad vi om dokumentasjon på at tanken var i forskriftsmessig stand, samt dokumentasjon på at utsleppet frå dykkar eigedom er i medhald av brev datert 30.06.88 og 03.01.94.

Meland kommune mottok tilbakemelding frå dykk den 28.06.2017. Dykk viser til at tanken vart tømt for 3-4 år sia og reknar med at anlegget er utført etter kommunens krav datert 30.06.88.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Dersom septiktanken ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoff flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet. Regelmessig tømning er derfor nødvendig for sikker drift av avløpsanlegget.

Dykk har ikkje lagt ved dokumentasjon som stadfestar at tanken har blitt tømt for 3-4 år sia. Det følgjer av lokal forskrift om slamtømming § 3 at fritidsbusetnad skal bli tømt kvart 4. år. «Ved behov må abonnenten bestilla ekstra tømning», jf. lokal forskrift om slamtømming § 4 tredje ledd.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 27.08.2018**: Retting må skje ved at septiktanken blir tømt. I medhald av forurensningsloven § 26 har kommunen ansvar for at alle private tankar blir tømt. I Meland kommune er det Norva24 Vest AS som utfører tømning av septiktankar. For å bestille tømning kan du ringje 57781170. Me gjer merksam på at dykk sjølv må dekke kostnaden ved tømninga.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når tanken er tømt.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å tømme septiktanken i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 27.08.2018**.

Tilbakemelding

Når septiktanken er tømt må du sende tilbakemelding til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å tømme tanken. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Randi Eik

J L Mowinckels vei 5145
130

FYLLINGSDALEN

Trond Eik